



# MØTEPROTOKOLL

**Utval:** Forvaltningsstyret  
**Møtestad:** Møterom Voldsfjorden i 1. etg., Rådhuset  
**Dato:** 08.12.2015  
**Tid:** 15:00

Faste medlemmer som møtte:

Namn	Funksjon	Representerer
Magnar Sunde	Leiar	AP
Øyvind Festø	Nestleiar	MDG
Lina Marie Bjørkedal	Medlem	SP
Margrete Trovåg	Medlem	AP
Åshild Vik	Medlem	SV
Erlend Koppen	Medlem	KRF
Magny Astrid Fylling	Medlem	KRF
Sindre Kvangarsnes	Medlem	FRP
Sindre Rotevatn	Medlem	H

Frå administrasjonen møtte:

Namn	Stilling
Jørgen Vestgarden	Utviklingsjef
Roger Nedreklepp	Fagansvarleg skog, landbrukskontoret Ørsta Volda Møtte i sak PS 84/15
Per Heltne	Fagansvarleg plan

Ordfører Jørgen Amdam møtte i sak PS 86/15  
Jørgen Vestgarden gjekk under handsaming av sak PS 89/15.

## SAKLISTE

Saksnr.	Sak
PS 82/15	<b>Godkjenning av innkalling og sakliste</b>
PS 83/15	<b>Godkjenning av møteprotokoll frå forrige møte</b>
PS 84/15	<b>Fellingsavgift for hjortevalda i kommunen - Austefjord Hjortevald</b>
PS 85/15	<b>Søknad om dispensasjon frå reguleringsplan, fasadeendring Hamnegata 21B</b>

- PS 86/15      **Planid 200700-01 - Dispensasjon frå reguleringsplan ny ferjekai på rv. 651 i Volda, gbr 19/950 og 862**
- PS 87/15      **Gbr 2/105 Oppføring av tilbygg til hytte - dispensasjon frå reguleringsplan**
- PS 88/15      **Gbr 30/404 - oppføring av bustadhus med garasje - Mylnevegen 10. Dispensasjon frå reguleringsføresegner- Utnyttingsgrad og byggeavstand veg**
- PS 89/15      **Dispensasjon frå kommunedelplan- oppføring av naust og flytting av vor gbr 160/3**

### **PS 82/15 Godkjenning av innkalling og sakliste**

#### **Handsaming:**

#### **Røysting:**

Ingen hadde noko å merke til innkallinga. Saklista vart samrøystes godkjent.

### **PS 83/15 Godkjenning av møteprotokoll frå forrige møte**

#### **Handsaming:**

#### **Røysting:**

Møteprotokollen frå førre møte den 17.11.15 vart samrøystes godkjent.

### **PS 84/15 Fellingsavgift for hjortevalda i kommunen - Austefjord Hjortevald**

#### **Administrasjonen si tilråding:**

- 1. Forvaltningsstyret fastset fellingsavgift for hjort i Volda til kr. 300 for vakse dyr og kr. 180 for kalv.*
- 2. Volda kommune skal praktisere lik fellingsavgift for hjortevalda i kommunen*
  - sats for vald med godkjend bestandsplan, etter §19 Rundskriv forvaltning av hjortevilt, gjev 40% rabatt*
  - for vald utan godkjend bestandsplan, etter §21 i same rundskriv, gjev ingen rabatt*
  - satsane vert gjeldande for alle vald frå og med jaktåret 2015/2016*

#### **Handsaming:**

#### **Røysting:**

Tilrådinga frå administrasjonen vart samrøystes vedteken.

## Vedtak i Forvaltningsstyret - 08.12.2015

*1. Forvaltningsstyret fastset fellingsavgift for hjort i Volda til kr. 300 for vakse dyr og kr. 180 for kalv.*

- 2. Volda kommune skal praktisere lik fellingsavgift for hjortevalda i kommunen*
- sats for vald med godkjend bestandsplan, etter §19 Rundskriv forvaltning av hjortevilt, gjev 40% rabatt*
  - for vald utan godkjend bestandsplan, etter §21 i same rundskriv, gjev ingen rabatt*
  - satsane vert gjeldande for alle vald frå og med jaktåret 2015/2016*

## **PS 85/15 Søknad om dispensasjon frå reguleringsplan, fasadeendring Hamnegata 21B**

### **Administrasjonen si tilråding:**

- 1. Forvaltningsstyret gir dispensasjon frå plan, jf PBL 19-2, til montasje av balkongar mot nord i samsvar med søknad, då det her er oppført liknande balkongar tidlegare.*
- 2. Forvaltningsstyret ynskjer å behalde den gjennomførte fronten ut mot sjølina av Volda sentrum slik føresett i gjeldande plan, og finn såleis ikkje å kunne gi dispensasjon frå plan for montasje av balkongar mot sør i Hamnegata 21B. Jf. Føresegner pkt. 15.*
- 3. Forvaltningsstyret vil be utbygger vurdere alternativ for fasadeendring av Hamnegata 21 med halvklimaliserte rom/vinterhage som alternativ, slik det er etablert i Hamnekvartalet. Eit halvklimalisert rom gjev høve til bruk av arealet som skjerma uteareal, samstundes som dette skjermar opphaldsarealet innanfor mot støy.*

### **Handsaming:**

Det vart halde synfaring i saka.

Leiar Magnar Sunde, AP, kom med fylgjande alternativt framlegg:

- 1. Forvaltningsstyret gir dispensasjon frå plan, jf PBL §19-2, til montasje av balkongar i samsvar med søknad. Balkongane vil stikke utom byggelina i reguleringsplanen, men vert vurdert til å gjere fasaden penare.*

Sindre Rotevatn, H, kom med fylgjande framlegg som tillegg til Magnar Sunde sitt framlegg:

- 2. Forvaltningsstyret ynskjer å stimulere til auka busetting i sentrum og ser at balkongar mot sør er ønska for å auke attraktiviteten for sentrumshusvære generelt.*

### **Røysting:**

Ved alternativ røysting mellom tilrådinga frå administrasjonen og framlegga frå Sunde/Rotevatn, fekk framlegga frå Sunde/Rotevatn 9 røyster og vart vedteke. Tilrådinga frå administrasjonen fekk 0 røyster og fall.

## **Vedtak i Forvaltningsstyret - 08.12.2015**

- 1. Forvaltningsstyret gir dispensasjon frå plan, jf PBL §19-2, til montasje av balkongar i samsvar med søknad. Balkongane vil stikke utom byggelina i reguleringsplanen, men vert vurdert til å gjere fasaden penare.*
- 2. Forvaltningsstyret ynskjer å stimulere til auka busetting i sentrum og ser at balkongar mot sør er ønska for å auke attraktiviteten for sentrumshusvære generelt.*

## **PS 86/15 Planid 200700-01 - Dispensasjon frå reguleringsplan ny ferjekai på rv. 651 i Volda, gbr 19/950 og 862**

### **Vedtak i forvaltningsstyret den 17.11.2015:**

*Forvaltningsstyret gir med heimel i plan- og bygningslova §19-2 dispensasjon frå reguleringsplan for flytting av fergekai i samsvar med søknad, med fylgjande atterhald/føresetnader:*

- 1. Situasjonsplan/byggeplan for prosjektet må endrast og oppgraderast sett i høve til føresetnadene gitt i førehandskonferanse om utforming og tilpassing til pågåande arbeid med sentrumsprosjektet. Utforming og materialbruk for området mellom ny kai og E39 må gjennom slik endring av situasjonsplan/byggeplan nærare avklarast i dialog med kommunen.*
- 2. Kommunen føreset at venteromfunksjonen vert teke i vare i området også etter utbygging, og at det vert gjort avtale for dette mellom statens vegvesen og kommunen som er eigar av eksisterande bygg.*
- 3. Kommunen føreset at tiltak i gjeldande reguleringsplan for kryssløysing frå fergekaiområdet/E39 vert gjennomført samstundes med bygging av fergekai. Bruksløyve på ny fergekai vert ikkje gitt før tiltak i tråd med gjeldande reguleringsplan er gjennomført.*
- 4. Kommunen føreset at Statens vegvesen erstattar Volda kommune sitt tapte kaiareal i forbindelse med tiltaket.*

### **Handsaming:**

Ordførar Jørgen Amdam møtte under handsaming av saka.

Sindre Rotevatn, H, kom med fylgjande framlegg som alternativ til pkt. 3:

- 3. Forvaltningsstyret gjer om inkje pkt. 3 i vedtaket i sak PS 76/15 handsama i forvaltningsstyret den 17.11.15.  
Kommunen forventar at tiltak i gjeldande reguleringsplan for kryssløysing frå fergekaiområdet/E39 vert gjennomført samstundes med bygging av fergekai.*

### **Røysting:**

Ved alternativ røysting mellom pkt. 3 i vedtaket i forvaltningsstyret i sak PS 76/15 og framlegget frå Sindre Rotevatn, fekk framlegget frå Rotevatn 5 røyster og vart vedteke. Pkt. 3 i vedtaket i sak PS 76/15 fekk 4 røyster og fall (Kvangarsnes, Bjørkedal, Vik og Koppen).

Resten av vedtaket i sak PS 76/15 handsama i forvaltningsstyret den 17.11.15 står ved lag.

### **Vedtak i Forvaltningsstyret - 08.12.2015**

3. *Forvaltningsstyret gjer om inkje pkt. 3 i vedtaket i sak PS 76/15 handsama i forvaltningsstyret den 17.11.15.  
Kommunen forventar at tiltak i gjeldande reguleringsplan for kryssløysing frå fergekaiområdet/E39 vert gjennomført samstundes med bygging av fergekai.*

### **PS 87/15 Gbr 2/105 Oppføring av tilbygg til hytte - dispensasjon frå reguleringsplan**

#### **Administrasjonen si tilråding:**

1. *Forvaltningsstyret viser grunngevinga i saksutgreiinga nedanfor og finn etter samla vurdering med heimel i Plan og bygningslova §19-2 å kunne gje dispensasjon frå føresegnene i reguleringsplan Berknes Nord for tilbygg til hytte på gnr 2 bnr 105 som omsøkt.  
Forvaltningsstyret finn ikkje at tiltaket har slik omfang at planen sin intensjon vert vesentleg sett til sides, og at fordelane ved å gje dispensasjon er klart større enn dei ulempene ei utviding vil medføre etter ei samla vurdering.*
2. *Forvaltningsstyret viser til tidlegare godkjenning av byggesak, delegert sak 67/15 den 19.03.2015 og handsaming som klagesak i Forvaltningsstyret sak 39/15, den 9.06.2015, og godkjenner med heimel i § 21-4 i PBL av 27. juni 2008 nr. 71, med tilhøyrande forskrifter, vedtekter og delegasjonar, søknaden om løyve til tilbygg til fritidsbustad som omsøkt.*
  - A. *Følgjande dokument ligg til grunn for godkjenninga:  
Situasjonsplan, vedlagt søknad om dispensasjon, motteke 27.08.2014 .  
Plan-, snitt- og fasadeteikningar, vedlagt søknad om dispensasjon, motteke 27.08.2014 .*
  - B. *Det vert sett følgjande vilkår i saka:  
Tiltakshavar er sjølv ansvarleg for at tiltaket vert plassert i samsvar med dette løyvet. Dersom tiltakshavar ikkje har naudsynt kompetanse, må utstikking verte utført av fagkyndige.  
Gebyr for sakshandsaming må betalast ved forfall.*
  - C. *Før tiltaket kan takast i bruk, må søknad om ferdigattest eller eventuelt mellombels bruksløyve leverast inn og vere godkjent av kommunen, jf. § 21-10 i PBL.*

## **Handsaming:**

### **Røysting:**

Tilrådinga frå administrasjonen vart samrøystes vedteken.

## **Vedtak i Forvaltningsstyret - 08.12.2015**

1. *Forvaltningsstyret viser grunngjevinga i saksutgreiinga nedanfor og finn etter samla vurdering med heimel i Plan og bygningslova §19-2 å kunne gje dispensasjon frå føresegnene i reguleringsplan Berknes Nord for tilbygg til hytte på gnr 2 bnr 105 som omsøkt.  
Forvaltningsstyret finn ikkje at tiltaket har slik omfang at planen sin intensjon vert vesentleg sett til sides, og at fordelane ved å gje dispensasjon er klart større enn dei ulempene ei utviding vil medføre etter ei samla vurdering.*
2. *Forvaltningsstyret viser til tidlegare godkjenning av byggesak, delegert sak 67/15 den 19.03.2015 og handsaming som klagesak i Forvaltningsstyret sak 39/15, den 9.06.2015, og godkjenner med heimel i § 21-4 i PBL av 27. juni 2008 nr. 71, med tilhøyrande forskrifter, vedtekter og delegasjonar, søknaden om løyve til tilbygg til fritidsbustad som omsøkt.*
  - A. *Følgjande dokument ligg til grunn for godkjenninga:  
Situasjonsplan, vedlagt søknad om dispensasjon, motteke 27.08.2014 .  
Plan-, snitt- og fasadeteikningar, vedlagt søknad om dispensasjon, motteke 27.08.2014 .*
  - B. *Det vert sett følgjande vilkår i saka:  
Tiltakshavar er sjølv ansvarleg for at tiltaket vert plassert i samsvar med dette løyvet.  
Dersom tiltakshavar ikkje har naudsynt kompetanse, må utstikking verte utført av fagkyndige.  
Gebyr for sakshandsaming må betalast ved forfall.*
  - C. *Før tiltaket kan takast i bruk, må søknad om ferdigattest eller eventuelt mellombels bruksløyve leverast inn og vere godkjent av kommunen, jf. § 21-10 i PBL.*

## **PS 88/15 Gbr 30/404 - oppføring av bustadhus med garasje - Mylnevegen 10. Dispensasjon frå reguleringsføresegner- Utnyttingsgrad og byggeavstand veg.**

### **Administrasjonen si tilråding:**

*Forvaltningsstyret viser til grunngjeving i søknad og i saksutgreiinga nedanfor og gir med heimel i plan og bygningslova 19-2 dispensasjon for auka utnytting og for byggeavstand kommunal veg i samsvar med søknad datert 16.10.2015.*

*Auka utnytting slik søkt om vil ikkje vere i vesentleg konflikt med intensjonen i gjeldande plan, og fordelane ved å gje dispensasjon er i klar overvekt sett i høve til mogelege ulemper etter ei samla vurdering.*

**Handsaming:**

**Røysting:**

Tilrådinga frå administrasjonen vart samrøystes vedteken.

**Vedtak i Forvaltningsstyret - 08.12.2015**

*Forvaltningsstyret viser til grunngeving i søknad og i saksutgreiinga nedanfor og gir med heimel i plan og bygningslova 19-2 dispensasjon for auka utnytting og for byggeavstand kommunal veg i samsvar med søknad datert 16.10.2015.*

*Auka utnytting slik søkt om vil ikkje vere i vesentleg konflikt med intensjonen i gjeldande plan, og fordelane ved å gje dispensasjon er i klar overvekt sett i høve til mogelege ulemper etter ei samla vurdering.*

**PS 89/15 Dispensasjon frå kommunedelplan- oppføring av naust og flytting av vor gbr 160/3**

**Administrasjonen si tilråding:**

1. *Forvaltningsstyret ser eit nytt naust her som eit positivt bidrag til det eksisterande naustmiljøet, og gir ut frå dette med heimel i Plan og bygningslova §19-2 dispensasjon frå plan for oppføring av naustet.*
2. *Forvaltningsstyret vurderer den tiltenkte moloen som eit stort terrenginngrep og eit uønska inngrep i sjølina og finn ikkje å kunne gje dispensasjon frå kommuneplan/PBL §1-8 for dette tiltaket.*

**Handsaming:**

Sindre Kvangarsnes, FRP, kom med fylgjande alternativt framlegg til pkt. 2:

2. *Forvaltningsstyret vurderer den tiltenkte moloen som eit lite terrenginngrep og eit lite inngrep i sjølina og finn å kunne gje dispensasjon frå kommuneplan/PBL §1-8 for dette tiltaket.*

**Røysting:**

Pkt. 1 i tilrådinga frå administrasjonen vart samrøystes vedteke.

Ved alternativ røysting mellom pkt. 2 i tilrådinga frå administrasjonen og framlegget frå Kvangarsnes, fekk tilrådinga frå administrasjonen 5 røyster og vart vedteken. Framlegget frå Kvangarsnes fekk 4 røyster og fall. (Kvangarsnes, Fylling, Rotevatn og Koppen).

**Vedtak i Forvaltningsstyret - 08.12.2015**

- 1. Forvaltningsstyret ser eit nytt naust her som eit positivt bidrag til det eksisterande naustmiljøet, og gir ut frå dette med heimel i Plan og bygningslova §19-2 dispensasjon frå plan for oppføring av naustet.*
- 2. Forvaltningsstyret vurderer den tiltenkte moloen som eit stort terrenginngrep og eit uønska inngrep i sjolina og finn ikkje å kunne gje dispensasjon frå kommuneplan/PBL §1-8 for dette tiltaket.*

Møtet slutt kl. 16:50

Rett utskrift,  
Volda kommune, servicekontoret  
8.12.2015

Unni Strand  
sekr.